

Punkter i nasjonal kompetansepolitisk strategi Sogn og Fjordane fylkeskommune

1.1. Styrke regionalt folkevalgt nivå's kompetansepolitiske ansvar og samordningsrolle, og legge bedre til rette for regionalt samarbeid mellom ulike kompetanseaktører.

Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune har vedteke politiske organisering der hovudansvaret for kompetansepolitikken er lagt til hovudutval for opplæring og kompetanse.

Hovudutval for opplæring og kompetanse får m.a. følgjande oppgåver/ansvarsområde:

- o Vidaregåande opplæring.
- o Fagopplæring.
- o Vaksenopplæring.
- o Kompetanseheving og kompetanseformidling i fylket.
- o Regionale, heilskaplege nærings - og kompetansestrategiar.
- o Regional og statleg planlegging innanfor sektoren.
- o Fagskulane.

I saksutgreiinga vert det vektlagt at det er eit mål framover at kompetanseretta arbeid i større grad skal vere forankra i regionale, heilskaplege nærings - og kompetansestrategiar som eit resultat av regionalt samarbeid. Ansvar for koordineringa av dette arbeidet vert lagt til det nye hovudutvalet for opplæring og kompetanse. Dette vil styrkje den strategiske rolla til fylkeskommunen i høve utviklinga av den regionale kompetansepolitikken m.a. gjennom eit tettare samarbeid mellom arbeidsliv og utdannings - og opplæringsaktørar om behov og tilrettelegging for utdanning og kompetanseutvikling.

På bakgrunn av ovannemnde er grunnlaget for utvikling av regionalt folkevald nivå sitt ansvar og samordningsrolle styrka.

1.2. Videreutvikle samarbeidet mellom opplærings- og utdanningstilbydere og arbeidslivet, for å gjøre utdanningen relevant og for å gi bedre tilgang på kvalifisert arbeidskraft i alle regioner.

I januar 2018 presenterte NAV Sogn og Fjordane ein forstudie av forventa utvikling i arbeidsstyrken i Sogn og Fjordane. Hovudkonklusjonen er at vi møter store rekrutteringsufordringar i åra framover, og gir følgjande oppsummering:

«Slik NAV ser det, har Sogn og Fjordane store utfordringar når det gjeld å skaffe nok kvalifisert arbeidskraft i åra framover. Rekrutteringsproblema innanfor offentleg tenesteyting vil kunne få konsekvensar for kvaliteten på tenestene som innbyggjarane i fylket blir tilbydt,

og dei vedvarande rekrutteringsproblema i næringslivet kan hemme vekstpotensialet som bedriftene våre har.»

På bakgrunn av ovannemnde er utvikling av utdanningsstrategiar peika på som hovudsatsing for å møte disse utfordringane. Ei av hovudsatsingane er å styrke rekrutteringsprofilen til yrkes- og profesjonsutdanningane i regionen, og i 2018 har følgjande utviklingsarbeid vore sentralt:

Strategisk samarbeid

Høgskulen på Vestlandet og fagskulen i Sogn og Fjordane har etablert eit strategisk samarbeid innan dei tekniske fagområda med formål om å utvikle følgjande hovudelement:

- lab- og utstyrsfunksjonar
- rekruttering- og utdanningsstrategiar
- kurs og opplæringsaktivitetar
- innovasjon, forskning og utvikling

Fag- og yrkesopplæringa

I januar 2018 leverte Høgskulen på Vestlandet v/Øyvind Glosvik ein forstudie med tittelen: «Eit kvalitativt blick på nokre utfordringar innan fagopplæring i Sogn og Fjordane»

Forstudiet gir eit overordna perspektiv på utfordringar knytt til fagopplæringa, og sentrale tilrådingar for vidare arbeid er bl.a.:

- Styrke samanhengen mellom vidaregåande opplæring og ungdomsskular. Steget frå ungdomsskulen til studieførebuande er mindre problematisk, enn tilfellet er med yrkesfaga.
- Vurdere om ein utnytter godt nok dei fleksible ordningane som er tilgjengelege.
- Differensierte strategiar for ulike yrkesutdanningar. Faga vert i ulik grad utsett for krav om endring, og dette gjer det naudsynt å handsame kvart yrke for seg, og utvikle ulike strategiar og handlingsvegar for kvart av dei.

3. Styrke kompetansen til vaksne med svak tilknytning til arbeidslivet

Punkt 3.1, 3.3 og 3.5 i strategien:

- F.o.m. skuleåret 2013-2014 har vi årleg starta fleire grupper helsefagarbeidar for minoritetsspråklege i tett samarbeid med NAV og kommunane, etter den såkalla «Sogn og Fjordanemodellen»
- «Sogn og Fjordanemodellen» er eit 4-årig løp fram til fagbrev, der opplæringa finn stad i veksling mellom skule og bedrift alle fire åra
- Skuleåret 18/19 vart tilbodet utvida til òg å gjelde tilpassa løp for minoritetsspråklege innan utdanningsprogramma teknikk og industriell produksjon og bygg- og anleggsteknikk. Dette er òg i tett samarbeid med NAV og bedrifter/opplæringskontor.
- Skuleåret 2019-2020 lyser vi ut kombinerte grupper for ungdom og vaksne fleire stader i fylket. Dette for å gje eit breiare tilbod til både unge og vaksne, spesielt dei med liten grad av mobilitet, og for å styrke små fag som næringslivet etterspør.